



Til
Fylkesmannen i Hordaland
Boks 7310
N-5020 BERGEN

Att.: Postmottak

Dykkar ref.: 2015/9371 512.1 Vår ref.: 8550/LLY/2015-1

31. august 2015

Tilbod: gjennomføring av prosjekt kartlegging av behov for auka lagerkapasitet for husdyrgjødsel i landbruket i Hordaland.

NLR Hordaland ynskjer å presentere eit tilbod på kr. 142 500,- + mva, på prosjektet: «Kartlegging av behov for auka lagerkapasitet for husdyrgjødsel i landbruket i Hordaland», som vart presentert i brev frå dykk, datert den 1.7.2015. Tilbodet gjeld alle oppgåver i prosjektet med unnatak av den delen som går på Geografisk estimering av produsert gjødselmengde innan korte transportavstandar.

NLR har god kjennskap til bøndene og landbruket i Hordaland, og vi har tidlegare henta inn og samanstillt data frå bøndene. Vi har lang erfaring i prosjektleiing og prosjektgjennomføring. Vi har i dag 11 medarbeidarar med ulike kompetanse og det er tenkt at fleire skal delta i dette prosjektarbeidet. Vi har tenkt at rådgjevar Torleif Bakke Haavik skal vere prosjektleiar. Han har mellom anna arbeidd med prosjektet: «Klimatiltak i landbruket i Sogn og Fjordane, - Utslepp og aktuelle tiltak», hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Vi har vidare erfaring med å hente inn informasjon frå våre kontaktar og vi har tilgjengelig e-verktøy som kan brukast til dette. '

Gjennomføring av prosjektet.

Prosjektet er omfattande, med mange problemstillingar som det er ynskjeleg å få svar på. Prosjektperioden er kort, men ved å trekke inn fleire rådgjevarar som kan bidra på ulike måtar, har vi vurdert at vi har tilstrekkeleg kapasitet til å ta på oss denne oppgåva. Under har vi skissert korleis vi vil arbeide for å hente inn og systematisere informasjon om lagerkapasitet hjå bønder i Hordaland.

- **Underdekking av lagerkapasitet i dag.**
For å kartleggja den reelle lagerkapasiteten, og talfeste ei eventuell underdekning, vil NLR Hordaland via e-postskjema hente inn data frå eit utval av bønder i Hordaland. Utvalet kan gjerast utifrå produksjonsomfang, kommune eller liknande. I spørreskjema vil vi spørje om dagens praksis for spreining av husdyrgjødsel, spreietidspunkt, metode for spreining, lagerkapasitet i m³ fordelt på ulike typar lager, mm. Spørreskjema vert fylgt opp med telefonintervju for å sikre svarprosenten.
- **Trong for auka lagerkapasitet**
I spørreskjemaet som sendast ut vil vi også spørje om planer for drifta dei neste 5-10 åra. I tillegg vil vi gjennomføre telefonintervju med eit utval av bøndene, der ulike mjølkeproduksjonsformer (bås og lausdrift med mjølkegrav/robot) er representert.
- **Kostnader med auka lagerkapasitet og gevinst ved redusert klimagass**
Rapporten vil vise eit oversyn over kostnader med auka lagerkapasitet og eit overslag over klimagassgevinsten. Ved hjelp av verktøyet NLR Kretsløpstolken kan vi estimere klimagassutslepp ved ulike handtering av husdyrgjødsel.

Kompetanse for framtida!



- **Geografisk estimering av produsert gjødselmengde innan korte transportavstandar.**
Fylkesmannen i Sogn og fjordane har laga eit estimat for dette i rapporten Klimatiltak i Landbruket, datert 18. april 2012. Sjå mellom anna pkt 5.2.5 – 5.2.8 i rapporten. Desse estimata er basert på informasjon frå søknad om produksjonstilskot og kartdata. Vi trur at Fylkesmannen i Hordaland har dei beste føresetnadene for å gjere eit tilsvarande estimat i Hordaland, og legg ikkje inn tilbod på denne delen av prosjektet.

Aktivitetar i prosjektet og framdriftsplan:

Aktivitet:	Frist for gjennomføring:
– Utarbeiding av spørreskjema	10.okt 2015
– Innhenting av data ved hjelp av spørreskjema	15.okt 2015
– Analysing av data	15.nov 2015
– Utarbeide skjema for utvida telefonintervju	20.okt 2015
– Gjennomføre telefonintervju	10.nov 2015
– Handsaming av data	30.nov 2015
– Vurdering av klimagasseffekt	30.nov 2015
– Utrekne lønnsemd ved auka lagerkapasitet	30.nov 2015
– Utrekne kostnader ved auka lagerkapasitet	30.nov 2015
– Rapportskriving	30.des 2015

Prosjektorganisering

Fleire av rådgjevarane i NLR Hordaland vil delta i prosjektarbeidet med sin kompetanse inn.

Prosjektleiar: Torleif Bakke Haavik

Prosjektmedarbeidarar: Ester Helland, Leif Trygve Berge, Gunnlaug Røthe.

Prosjektansvarleg: dagleg leiar Liv Lyngstad

Økonomi

NLR Hordaland har estimert tidsforbruk for dei ulike aktivitetane vi vil utføre for å kunne gje svar på dei problemstillingane som er skissert. Totalt meiner vi at det vil gå med 190 arbeidstimar.

Kostnadsoverslag

Arbeidstimar, 190 timar à kr. 750,-	Kr. 142 500,-
Totalt	Kr. 142 500,-

Vi vonar vårt tilbod samsvarar med Fylkesmannen i Hordaland sine intensjonar for dette prosjektet.

Med venleg helsing

Norsk Landbruksrådgiving Hordaland

Liv Lyngstad
Dagleg leiar